

Har du lyst å spele fiolin? Torsdag kan du få prøve instrument.

11.02.2018



Strykarar frå kulturskulen spelar på aktivitetdagen i båthamna i fjor.

Dei seinare åra har det vore svært mange flinke fiolinelevar i kulturskulen, og ein del av dei er frå Uskedalen. Den dyktige fiolinlæraren Olena Pasichnyk fortel at dei har plass til fleire elevar på dette instrumentet frå hausten, og ho ønskjer svært gjerne fleire frå Uskedalen. Derfor kan dei som er interessert, koma og prøva instrument på skulen førstkommande torsdag.

Instrumentprøvinga på fiolin vert på møterommet på Uskedal skule, og det vert torsdag 22.februar kl.17.30. Olena fortel at dei kan verta elevar på fiolin i Kvinnherad kulturskule frå det året dei fyller 6 år. Ho seier vidare at fiolin er eit veldig kjekt instrument som vert brukt innan mange ulike musikksgangrar. I kulturskulen vil dei få spela både åleine og saman med andre.

Ho fortel vidare at dei som vert elevar på fiolin får vera med på mange spennande konsertar både i kommunen, og utanfor kommunen. Dei vil få mange nye venner frå heile kommunen som spelar same instrument.

Det viktigaste av alt er at dei vert glade i musikk, ikkje berre fiolinmusikk, og dei får ein hobby som dei vil få stor glede av heile livet. Dei vil også glede andre slik dei m.a. har gjort her i Uskedalen på julekonsert, på aktivitetdagen og på kulturskulekonserten no før jul.

Strykarane leverer alltid flotte konsertar, og æra for det må dei unge strykarane absolutt dela med den særdeles dyktige læraren Olena Pasichnyk. På torsdag er det altså mogeleg å få prøva dette flotte instrumentet samstundes som Olena vil informera om korleis det er å vera fiolinelev i kulturskulen. Det er første gang det vert arrangert instrumentprøving på fiolin i Uskedalen.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland